



## EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K1-143  
Arkivsak ID: 13/374 - 1  
Journalpost ID: 13/2700  
Saksh.: Gunnar Elnan  
Dato: 11.04.2014

### SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eid fjord formannskap	28.04.2014	052/14	ELNGUN
Eid fjord kommunestyre	12.05.2014	033/14	ELNGUN

### Offentleg

## Oppstart av kommunedelplan for Sysendalen

#### Dokument i saka:

Nr	Dok.	dato	Avs./Mot.	Tittel
4	I	27.03.2014	Plansjef	Planområde
5	I	10.04.2014	Boge Andreas	Illustrasjon av arealbruk i Sysendalen
6	I	11.04.2014	Praktikant Andreas Boge	Illustrasjon av arealbruk
2	X	11.04.2014		Planprogram for kommunedelplan for Sysendalen
7	I	24.04.2014	Erik Johan Trysil kommune v/Hildrum	Bo på hytta

#### Vedlagt:

**Utkast til planprogram**

**Kart som viser planområde**

**Illustrasjon av arealbruk i Sysendalen**

#### Særutskrift skal sendast til:

**Endeleg avgjerd i:  
kommunestyret**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova §§11-12, 11-13 vert det med dette varsle oppstart av planarbeid for kommunedelplan for Sysendalen.

Med heimel i plan og bygningslova §4-1 vert vedlagte planprogram å leggja på høyring.

Rådmann får i oppgåva å innhenta tilbod på ekstern planhjelp til utarbeiding av utkast til kommunedelplan med konsekvensutgreiing og fremja sak om finansiering.

**12.05.2014 Eidfjord kommunestyre**

**Handsaming:**

Røysting:

Samrøystes vedteke.

**KST-033/14 Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova §§11-12, 11-13 vert det med dette varsle oppstart av planarbeid for kommunedelplan for Sysendalen.

Med heimel i plan og bygningslova §4-1 vert vedlagte planprogram å leggja på høyring.

Rådmann får i oppgåva å innhenta tilbod på ekstern planhjelp til utarbeiding av utkast til kommunedelplan med konsekvensutgreiing og fremja sak om finansiering.

**28.04.2014 Eidfjord formannskap**

**Handsaming:**

Røysting:

Samrøystes tilrådd

**FSK-052/14 Tiltråding:**

Med heimel i plan og bygningslova §§11-12, 11-13 vert det med dette varsle oppstart av planarbeid for kommunedelplan for Sysendalen.

Med heimel i plan og bygningslova §4-1 vert vedlagte planprogram å leggja på høyring.

Rådmann får i oppgåva å innhenta tilbod på ekstern planhjelp til utarbeiding av utkast til kommunedelplan med konsekvensutgreiing og fremja sak om finansiering.

**Saka gjeld:**

Rullering av del av kommuneplan som gjeld Sysendalen inklusive Isdalen har aktualisert seg med bakgrunn i private innspel om utvikling av alpindestinasjon (Eidfjord Resort), vedteken sti- og løypeplan, communal deltaking i forsøksordning med snøskuterløyper, nye område for fritidsbusetting, bruksending av fritidsbustad til bustad og areal til framtidig trase for Rv7.

I planstrategi for Eidfjord kommune er ikkje rullering av kommunedelplan for Sysendalen prioritert planoppgåva. Dengang planstrategi vart vedteke var me ikkje kjent med planar for Eidfjord Resort.

Opparbeiding av ny eller rullering av eksisterande arealplan skal starta med eit planprogram. Intensjon med planprogram er å setja råmer for planarbeidet. Planar om arealbruk i Sysendalen bør avklarast på eit overordna nivå for å sjå tiltak i samanheng, samla og kvar for seg. Det er og viktig å gje kommunestyret grunnlag for å meine korleis ein ynskjer arealbruk og forholda for menneske og dyreliv i og ikring Sysendalen skal vera i framtida. Arbeidet med planprogrammet gir også ein god mulegheit til tidleg å gi nødvendige verkemiddel for gjennomføring av planarbeidet, sikra tidleg politisk behandling av prinsippa for planlegginga med aktuelle alternativ og sikra førehandsdiskusjon om utkast til planløysingar. Dette vil vera særleg viktig i kompliserte eller konfliktfylte planprosesser. Det ligg betydeleg potensiale for nye fritidsbustader i eksisterande arealplanar.

### Nærare om innhaldet i planprogram

Hensikta med planprogrammet er å klargjera føremål, premisser, innhald, medverking og framdrift i plan- og utgreiingsarbeidet. Arbeidet med planprogrammet gir også ein god moglegheit til tidleg å gi nødvendige verkemiddel for gjennomføring av planarbeidet, sikra tidleg politisk handsaming av prinsippa for planlegginga med aktuelle alternativ og sikra førehandsdiskusjon om utkast til planløysingar. Dette vil vera særleg viktig i kompliserte eller konfliktfylte planprosesser. Dersom forslaget til arealdel inneheld nye utbyggingsområde eller vesentlege endring av eksisterande, vert det kravd konsekvensutgreiling av planforslagets verknad for miljø og samfunn etter forskrift om konsekvensutgreiling. Verknadene skal belysast både for planforslagets utbyggingsområde enkeltvis og samla.

Det er samanheng mellom storleik på planområdet, føremål og kva form for prosess det er aktuelt å gjennomføra.

Innhaldet for planprogram kan vera:

- Føremål med planarbeidet
  - Eksisterende kunnskap for relevante tema:
    - Eventuelt behov for ny kunnskap
    - Korleis enkeltområder skal greiast ut, med alternativ
    - Korleis samla arealbruksendringer skal vurderast
    - Krav til dokumentasjon frå forslagsstillar
- Avgrensing av planområdet
- Premisser: Nasjonale, regionale og lokale mål og planar som er relevante for planarbeidet og korleis disse kjem til bruk
- Planprosessen: fristar, deltakar, medverknad
- Konsekvensutgreiling (KU)

### Nærare om føremålet

Planar om arealbruk i Sysendalen bør avklarast på eit overordna nivå for å sjå tiltak i samanheng samla og kvar for seg. Det er og viktig å gje kommunestyret grunnlag for å meine korleis ein ynskjer arealbruk og forholda for menneske og dyreliv i og ikring Sysendalen skal vera i framtida. Det ligg betydeleg potensiale for nye fritidsbustader i eksisterande arealplanar. Samstundes er det klart at planane til Eidfjord Resort inneber ein konsentrert utbygging på eit konsentrert område. Dette vil resultera i at andre areal kan verta liggjande som friareal. Planen må sjå på denne problemstilling i form av utbyggingsavtalar.

I gjeldande kommuneplan var sti- og løypetilbodet i Sysendalen illustrert utan å vera eit eige planføremål. Ny planlov har arealføremål for sti og løyper. Temaplan, sti- og løypeplanen for Sysendalen, er vedteke i kommunestyret og vert grunnlaget i kommuneplanen.

Det er ynskje om å koma i gang med felles planarbeid med Hol kommune for trase til «Hardangervidda tunnel». Dette planområdet vil truleg overlappa noko av kommunedelplanområde Sysendalen og må samordnast dersom planarbeidet vert aktuelt.

#### Nærare om planområdet

Gjeldane kommuneplan vart godkjent i 2011, denne var eit resultat av ein prosess som starta i 2006. Vedteken areal del av kommuneplan frå før 2006, er i hovudsak vidareført i planen godkjent i 2011. I tillegg er det for Sysendalen teke inn areal for utviding av alpinbakken på Maurset til opp på Grytehorga, og det er opna for bygging av 3 nye stølshus i Isdalen og 2 i Hansalia.

Legg ein tema Eidfjord Resort og sti- og løypeplanen til grunn bør heile Sysendalen med Isdalen inngå i planområdet. Nære fjellområde er og aktuelt å sjå i samanheng.

#### Nærare til premissar

Nasjonale-, regionale- og kommunale føringar er lista opp i planprogrammet og vert å leggja til grunn for planarbeidet.

#### Nærare til innhald

Det har vore gitt signal frå kommunestyret om å avgrensa tema for revisjon av kommuneplanområdet Sysendalen. Dette har primært vore grunngjeve med ynskje om ikkje å trekka inn for mange tema som vil bidra til å gjera planprosessen lenger. Avgrensinga som er gjort i forslaget til planprogram er tema som naturleg høyrer saman og er følgjer av kvarandre.

#### Nærare til planprosessen

Kor omfattande prosessen vert heng saman med tema planen skal omfatta. Men det er nokre krav som følgjer av lova.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Det kan forventast at eit planarbeid kan verta omfattande med krav om konsekvensutgreiling dersom det vert teke inn føremål å leggja inn nye eller vesentleg utviding av eksisterande byggjeområde.

Det er ikkje kapasitet til å gjennomføra dette planarbeidet med eigne ressursar. Ser det difor som naudsynt å innhenta tilbod på planarbeidet med KU, og koma tilbake med sak om finansiering av planarbeidet.

#### **Juridiske konsekvensar:**

Rullering av kommuneplanen for Sysendalen har ikkje prioritet i planstrategien for Eidfjord, men frå oppsummeringa vert sakså;

- *Eidfjord skal vera ein attraktiv bukommune*
- *Eidfjord skal ha helse- og omsorgstilbod i samsvar med lovverket, og leggja tilrette for førebyggjande folkehelsa for alle*
- *Eidfjord skal arbeida for heilårsveg aust – vest, og trygge forhold for mjuke trafikkantar*
- *Eidfjord skal arbeida for å redusera skadelege utslepp til vatn og luft*

Ser ikkje at rullering av kommunedelplan for Sysendalen strider mot desse punkta når det vert teke inn vilkår i planprogrammet som sikrar omsynet til punkta.

#### **Miljømessige konsekvensar:**

Vert å greia ut i planarbeidet med KU.

**Personalmessige konsekvensar:**

Sjølv med kjøp av plantenester medfører planarbeidet administrativ oppfølging og ressursbruk.

Aud Opheim Lygre  
rådmann

sakshandsamar